



SUNNDAL KOMMUNE
Postboks 94
6601 SUNNDALSØRA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Fråsegn til oppstart av planarbeid - reguleringsplan - Sunndal - detaljregulering for innfallsport til Innerdalen i Nerdalen

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering for innfallsport til Innerdalen i Nerdalen.

Bakgrunn

Turisttrafikken til Innerdalen landskapsvernområde har auka mykje dei siste åra, frå nær 30 000 passeringar i 2016 til nær 50 000 passeringar i 2023. Ferdseilen går langs dagens veg gjennom gardstuna på Nerdalen. Det store ferdselstrykket gjer at det er behov for å finne ei løysing som leier turistar og friluftsfolket utanom gardstuna.

Det har vore ein prosess i forkant av oppstartsvarselet med synfaringar med grunneigarar og verneområdeforvaltninga, for å finne eigna trasé. Det har vore vurdert ulike alternativ, der ein har valt rosa linje som den beste løysinga. Det er denne traséen som det er varsla planarbeid for.

Statsforvaltaren er positive til at det er sett i gang reguleringsplanarbeid for området. Vi har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Friluftsliv

I [Forvaltningsplan for verneområdene i Trollheimen](#) (2015) er det i besøksplanen (vedlegg 6) prioritert tiltak ved dei ulike innfallsportane til verneområdet. Nerdalen er prioritert som hovudinnfallsport til Innerdalen landskapsvernområde. På hovudinnfallsportane skal det vere høg grad av tilrettelegging.

I besøksplanen frå 2015 er det peika på behov for fleire parkeringsplassar på Nerdalen. I 2018 vart dagens parkeringsareal utvida med ein dekar og sikra som utfartsparkering med statlege midlar frå

Miljødirektoratet. Parkeringsplassen, som no er nær tre dekar stor, vart opparbeidd og asfaltert i 2018. Det vart også gjeve sikringsmidlar til eit toalettbygg, som er sett opp.

Det er framleis behov for større areal til turparkering. Sidan Nerdalen i besøksplanen for Trollheimen er prioritert som innfallsport med større grad av marknadsføring, vil det vere pårekneleg at besøkstala aukar ytterlegare. Ein bør sørje for at det vert regulert nok parkeringsareal til å møte behovet gjennom heile året, jamfør kart over areal nytta til heilårsparkering i vedlegg 1 til oppstartsbrevet. Her må ein sjå dei to reguleringsplanane for innfallsporten i samanheng, og vurdere om planavgrensingane bør endrast.

Det går fram av dokumenta at eigar av gbnr. 104/1 føreset at driftstrafikken til Innerdalen også skal nytte ny trasé for gangtrafikk. Vi har stor forståing for at grunneigar på 104/1 opplever den samla trafikken som ei for stor belastning for både privatliv og gardsdrift.

I 2016 var det sett ut besøksteljar i Innerdalen, som registrerte 27 564 passeringar i perioden 1. juli til 31. oktober (kjelde: [Besøksstrategi Trollheimen, 2019](#)). I 2023 var talet på passeringar nær 50 000.

Motorisert nyttetraffikk til setrene og turistforeiningshytta i Innerdalen landskapsvernområde skal vere av avgrensa omfang. Omfanget at motorferdselen til Innerdalen må derfor også kartleggast som grunnlag for planarbeidet og val av løysingar.

Det må vurderast ulike alternative løysingar for motorferdselen;

- 1) skilje turistar/friluftsfolket og motorisert ferdsel. Eigen tursti/turveg for friluftsfolket der motorkøretøy framleis skal kunne køyre gjennom tunet. Sette opp bom?
- 2) bilveg etter ny trase for både friluftsfolket og motoriserte køretøy
- 3) hybrid løysing, der første del av traséen skal vere bilveg fram til eksisterande traktorveg, og siste del oppskråninga er tursti/turveg.
- 4) eventuelle andre alternativ

Fordelar og ulemper knytt til dei ulike alternativa for høvesvis friluftsfolket og gardstunet på 104/1 må gjerast greie for. I tillegg må dei landskapsmessige konsekvensane og omsynet til naturmangfald takast med i vurderingane, jamfør innspela under.

Informasjonstiltak og anna tilrettelegging (benkar m.m.) kan med fordel plasserast slik at det bidreg til å leie turistar og friluftsfolk inn på ny trasé.

Naturmangfald


Planområdet ligg innafor landskapstypen *innlandsdallandskap, nedskåret dallandskap under skoggrensen* etter NiN-landskapssystem (Artsdatabanken). Området er også del av ein større [geostad i Innerdalen](#), der ein kan studere geologisk arv i form av geomorfologi med moreneryggar, sidemorener og dødislandskap (kjelde: GisLink). I dette dallandskapet, og særleg av omsyn til at dette er innfallsporten til eit større landskapsvernområde, er det å bevare naturkvalitetane viktige for heilskenen. Det må derfor leggast stor vekt på landskapsomsyn når ein planlegg tiltak som krev terrenginngrep her.

Landskapsmessig er det stor forskjell på om ein planlegg å byggje ein tursti, turveg eller ein veg for bilkøyring. Lengst aust skal ny trasé leggjast i sterkt skrånande terreng, og stige frå om lag 250 m.o.h. til 280 m.o.h.. Stigninga vil bli ca. 1:5,5 - 1:6. Dette gir nokre særskilte utfordringar når ein skal oppnå god landskapstilpassing av vegen. Dess breiare veg dess større skjering og fylling vil det

krevje. Vi rår frå veg for motorisert ferdsel opp denne lia, då det vil bli store terrenginngrep med synlege sår i landskapet som vil bli kostnadskrevjande å avbøte.



Planområdet med forslag til vegtrasé.



Høgdedata som viser terrenget (eigedomsgrense i raudt).

Området er ikkje kartlagt for artar og naturtypar, slik at kunnskapen om kva for biologiske verdiar som er i traséen er liten. Ny tilkomst må ta omsyn til, og planleggast med minst mogeleg negativ belastning på trua og nær trua naturmangfald. Det meste av ny trasé vil gå gjennom innmarksbeite. Siste del av traséen (mot aust) er planlagt gjennom lauvdominert blandingsskog med særleg høg bonitet (kjelde: AR5 og SR16, NIBIO). Det er derfor behov for naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (NiN), kartlegging av viktige fuglebiotopar i skog, og kartlegging av trua sopp, lav og karplanter.

Under anleggsarbeida må det visast aktsemd for å unngå mogeleg skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. Lov om forvaltning av naturens mangfald. Det må ikkje tilførast eller handterast masser på ein slik måte at det er fare for spreiding av framande artar (jf. Fremmedartslista 2023, Artsdatabanken). Vi er ikkje kjent med at det veks framande, skadelege planteartar her. Dette bør undersøkast i felt, slik at eventuelle førekomstar får ei forsvarleg handtering og ikkje vert spreidde vidare ved handtering av masser.

Som del av vurderingane av planen sine verknader, jf. plan- og bygningslova § 4-2, skal ein legge dei miljørettslege prinsippa i kapittel II i naturmangfaldlova til grunn, jf. NML § 7. Det skal gå fram av planomtalen korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i utforminga av planframlegget.

Vassdrag og vassmiljø

For å halde kostnadene nede, er det foreslått å hente elvemasser lokalt til bygging av vegen. Det er uklart om dette inneberer uttak av masser frå elva Ulvåa (Ålvunda), eller andre elvegrusmasser som finns utanfor dagens vassdragsbelte.

Planlegging skal fremje berekraftig utvikling, og Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med FN sin 17 berekraftsmål. [Berekraftsmål 6.6](#) har som mål å verne om og rette opp vassrelaterte økosystem, inklusive fjell, skog, våtmark, elver, vassførande bergartar og innsjøar. Ulvåa er varig verna vassdrag ([111/1 Ulvåa til Ålvund - NVE](#)). Uttak av masser frå elva kan gje negative verknader for vassmiljøet og livsvilkåra for vasslevande organismar. Eit slikt uttak vil krevje vurdering etter vassressurslova, og eventuelt løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Vassdraget er karakterisert til *svært dårleg* økologisk tilstand i Vann-nett.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. De kan finne oppdatert sjekkliste på vår [heimeside](#) om de vil nytte sjekklista til Statsforvaltaren som eit hjelpemiddel i arbeidet med analysen.

Vi ser det allereie er skildra aktuelle tema som skal avklarast gjennom ROS-analysen. Dersom analysen avdekkjer område med fare, risiko eller sårbarheit skal desse merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Forureining

Det bør etablerast gode renovasjonsløysingar, gjerne under tak i tilknyting til eit sørvisbygg/ toalett.

Landbruk

Det må skildrast moglege drifts- og miljømessige ulemper for matprodusent og andre brukar av området viss tilkomstvegen vert plassert i eit beite og heilt inntil dyrka mark i aktiv drift.

Konklusjon

Vi viser til innspela over, og ber om desse vert tatt omsyn til i det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest

Fylkeshuset

Naustdalsvegen 1b

6404

Molde

6800

FØRDE